

Fagplan visuell kunst

Overordna mål for faget

- *få tilhøyrse til og lære å teikne, fargelegge male og forme.
- *kjenna meistring gjennom faste undervisningstimar og tilrettelegging for heimearbeid.
- *læra ulike teknikkar innan teikning med blyant og tusj, måling med vassmåling og akrylmåling, fargelære og ulike formar for perspektiv.
- *utvikle kunnskap om faget slik at eleven opplever å bli aktiv i eiga formidling
- *utvikle meistring, sjølvkjensle og kreativitet
- *oppleve å få og ta ansvar for aktivt å byggja gode lokalsamfunn gjennom personlege evner

Mål	Dugleikar
Å meistre basisdugleikar	Teknikk: Teikne med ulike typar gråblyantar og fargeblyantar. Måle med vassmåling og akrylmåling, samt nytte ulike typar penslar på papir og plate. Klippe og lime collage i papir og andre materialar. Forme ulike figurar i sjølvttørkande leire eller gips.
Å kjenne grunnleggjande omgrep knytt til faget	Teori: Det vert arbeidd med ulike oppgåver knytt til fargelære, lys / skygge, perspektiv, kunsthistorie, kreativitet og teknikk.
Å ha gode arbeidsmåtar samt gode haldningar til faget	Korleis jobbe: I gruppeundervisninga vert det lagt vekt på både samarbeidsoppgåver og individuelle oppgåver, med felles gjennomgang / instruksjon i starten av timen.

	Korleis behandle materiale, utstyr og verktøy: Materiale, utstyr og verktøy skal behandlast på ein god måte, slik at det ikkje vert øydelagt. Elevane i gruppa samarbeider og deler på t.d. blyantar og penslar. Det vert lagt vekt på å planlegge og teikne ideskisse i starten av arbeidsprosessen, samt å nytte tida på ein slik måte at arbeidet vert fullført.
Å kunne skape og formidle	Utstillingar (korleis bruke faget som eit uttrykksmiddel): Kunstgruppene deltek på scena under Stad kulturskule sine framsyningar i Operahuset. I tillegg vert det lagt til rette for at kunstgruppene kan lage til utstillingar t.d. på biblioteket.
Å kunne samhandle med andre	Lære å skape saman med andre: Undervisninga går føre seg i mindre grupper, beståande av elevar i ulike aldersgrupper. Det vert lagt vekt på samarbeid, der elevar både kan hjelpe kvarandre, inspirere kvarandre og kome med konstruktive tilbakemeldingar til kvarandre.